

# Inkluderingskontaktar i Meland

Idrettsrådet, Meland Frivilligsentral og Kulturkontor startar no eit felles prosjekt for å få alle klubbar i idrettslaga, grendelag, musikkorps, ungdomsorganisasjonar og alle andre frivillige lag og organisasjonar i Meland til å peike ut ein eller fleire inkluderingskontaktar i sin organisasjon.


Dette er ein «grei person med telefon» som kan kontaktas av barn, unge eller foreldre som treng litt hjelp til å finna fram i lag/organisasjonen. Grunnen til dette kan være handikap, psykiske fordringar, at ein ikkje er kjend med korleis det frivillige arbeidet føregår, eller det kan være fordi alt er nytt og ei treng ei trygghet i å blir vist rundt og introdusert.

## Inkluderings-oppgåver:

- **Kontaktperson:** svara på henvendelsar frå dei som ønskjer informasjon om aktiviteten.
- **Møta og visa rundt:** Ta i mot, vise fasilitetar og introdusere vedkomande til i klubben og vise dei rundt første gong dei kjem.
- **Introdusera:** Sørgje for kontakt mellom personar (eller pårørande/ tenester) og den rette personen/trenaren i din organisasjonen – og gjerne til andre slik at ein kjenner nokon.
- **Komme med idear:** Gjerne bringe idear til styret som gjer det lettare for dei som ikkje er med å bli med, og for dei som er nye å trivast og føle seg velkommen.



Vi ønskjer å gje påfyll til internt arbeid i klubbane om korleis ein skal ta imot nye medlemmer og få dei til å føla seg velkommen og inkludert frå første stund. Vi vil belyse kor viktig dette arbeidet er og vise at vi set pris på dei som jobbar med dette. Her i Nordhordland er mange av dei sosiale møteplassane i dei frivillig laga og organisasjonane og derfor er det ekstra viktig å arbeide for å få nye grupper med på laget. Slik lager vi eit samfunn for og med alle.



## KICK OFF MED LEO AJKIC

Torsdag 8 juni blir det eit kick off arrangement for alle integreringskontaktane med spanande foredrag med tips, inspirasjon og verktøy for arbeidet.

Leo Ajkic er bekrefta foredragsholder. Ajkic har mellom anna mottatt Fritt Ords honnørpris i 2017 for serien Flukt.

<https://tv.nrk.no/serie/flukt>